



Årdal kommune
Postboks 40
6881 ÅRDALSTANGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Årdal kommune – oppfølging av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Årdal kommunestyre har i møtet 19.12.2019, sak 148/2019, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Årdal kommune har høge inntekter, også etter at det blir korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester. Men likevel klarer ikkje kommunen å budsjettere med positive netto driftsresultat, som kan byggje opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Kommunen må ha som målsetjing å oppnå eit netto driftsresultat over tid på 1,75 prosent av driftsinntektene, som er det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på over tid for å ha ein sunn økonomi. Dette vil òg bidra til at kommunen blir mindre sårbar for svingingar i økonomien og møte uføresette hendingar i drifta som har økonomiske konsekvensar.

Budsjett og økonomiplan har manglar etter kommunelova med forskrifter. Ved første revisjon må kommunen følgje opp å vedta eit budsjett som fullt ut er etter kommunelova med forskrifter. For budsjett 2021 og økonomiplanen 2021 – 2024 må kommunestyret og handsame og vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for styringa av kommuneøkonomien.

Kommunelov med forskrift

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og sett opp etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I saksutgreiinga og for plangrunnlaget til Årdal kommune er det i budsjetttdokumenta omtalt og vist til tidlegare kommunelov. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye oppstillingar:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4



- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Årdal kommune har med økonomiske oversikter drift etter § 5-4 og investeringar etter § 5-5. Økonomisk oversikt drift etter art og årleg utvikling av gjeld, er ikkje med i dokumenta som er sendt til Fylkesmannen.

Etter ny kommunelov skal kommunestyret vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for styringa av kommuneøkonomien. Med måltala er det meint politiske mål for økonomisk utvikling, t.d. for netto driftsresultat, gjeldsgrad og driftsreservar.

Budsjett 2020

Etter kommunestyret sitt vedtak er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på – 3,250 mill. kroner, som utgjer – 0,6 prosent av driftsinntektene. Budsjettet er balansert med 3,450 mill. kroner i bruk av disposisjonsfondet, der 3 mill. er knytt til utgifter for tre prosjekt med satsing på omdømme, bustadutvikling og miljøkommune med felles målsetjing å auke innbyggjartalet. Etter førebelse Kostratal¹ for 2019 har kommunen 18,5 mill. kroner i disposisjonsfond. I tillegg rapporterer kommunen om eit netto mindreforbruk (overskot) etter 2019 på 7 mill. kroner. Fri eigenkapital til driftsføremål i prosent av driftsinntekter er etter dette 4,6 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent. Til bundne driftsfond blir det avsett 7,5 mill. kroner. Dette er konsesjonsavgift (5,6 mill.), renter frå fond og mottekne avdrag frå lån i næringsfondet.

Skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 337,5 mill. kroner, som er 2,1 mill. kroner lågare enn statsbudsjettet. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunanes frie inntekter. For Årdal blei folketalet i 2019 redusert med 52 personar, som utgjer ein prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin modell etter oppdaterte folketal per 01.01.20 viser ein prognose på 336 mill. kroner i frie inntekter, som er 1,5 mill. kroner lågare enn kommunens budsjett. Etter at det er teke omsyn til endringar i eigedomsskattelova og forventa auka i skatt frå kraftanlegg, er eigedomsskatten budsjettert til 65,4 mill. kroner. Dette er 2,5 mill. lågare enn det kommunen fekk inn i 2019. Kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr utgjer 5,2 mill. kroner av rammetilskotet. Utbyte frå eige i selskap (Årdal Energi) er budsjettert til 9 mill. kroner.

Det er fordelt ei samla budsjetttramme på 392 mill. kroner til sektorane. Dette er etter at det er budsjettert med ein lønsvekst etter statsbudsjettet på 3,6 prosent og gjort endringar i nye tiltak/reduksjonar.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 45,2 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 41 mill. kroner og resterande med momskompensasjon 4,2 mill. kroner. Etter førebelse Kostratal² for 2019 har kommunen 451 mill. kroner i brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 81 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo)³ er 110 prosent.

Det er omtalt tekstleg at eigenkapitalinnskotet til KLP er venta å bli på 2 mill. kroner, og at dette kan finansierast med ubundne kapitalfond. Denne utgifta med finansiering er ikkje lagt inn i budsjettet.

¹ Kostra-konserntal

² og ³ Kostra-konserntal 2019



Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i 2021 og 22 budsjettert med netto driftsresultat på – 3,250 mill. kroner, eller – 0,6 % av brutto driftsinntekter. Som for 2020 er bruken av disposisjonsfondet 3,450 mill. kroner, der 3 mill. er knytte til prosjekta som vart starta opp i 2020. Skatt og rammetilskot er budsjettert i samsvar med KS sin prognosemodell. Eigedomsskatten er redusert i perioden i samsvar med nedtrappinga for bortfall av skatt på produksjonsutstyr fram til 2025, då denne skatten blir fasa ut. Utbytte frå eige i selskap er redusert med ein mill. kroner, til årleg 8 mill. kroner.

For heile økonomiplanperioden er det budsjettert med investeringar med til saman 247,4 mill. kroner. Den største investeringa er nytt omsorgssenter til 150 mill. kroner i samband med vedteken helse- og omsorgsplan. Finansieringa for alle investeringane er lagt inn med nye lån på 209,2 mill. kroner og momskompensasjon 38,2 mill. kroner. Avdrag for perioden er samla budsjettert til 93,6 mill. kroner.

Fylkesmannens vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Årdal høge inntekter. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester, som då viser at kommunen har frie inntekter (inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/heimfallsinntekter) i 2018 som ligg 18 % over landsgjennomsnittet av inntekter per innbyggjar⁴. Men likevel klarer ikkje kommunen å budsjettere med positive netto driftsresultat, som kan bygge opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Fylkesmannen meiner at kommunen må ha ei målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på nivået 1,75 prosent, som er TBU's⁵ norm og det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på over tid for å ha ein sunn økonomi. Dette vil òg bidra til at kommunen blir mindre sårbar for svingingar i økonomien og møte uføresette hendingar i drifta som har økonomiske konsekvensar.

Etter budsjetterte investeringar og planlagt finansiering av desse, vil lånegjelda auke til 565 mill. kroner i økonomiplanperioden. Dette er ein sterkare auke samanlikna med driftsinntektene. Kommunestyret må årleg vurdere utviklinga med grunnlag i samansetjinga av gjelda og renterisiko opp mot kommunens finansielle måltal (handlingsreglar) for langsiktig gjeld.

Venta eigenkapitalinnskot til KLP med finansiering må med i første budsjettrevisjon.

Ved revisjon av budsjettet må kommunen følgje opp å vedta eit budsjett som er i samsvar med forskrifter etter gjeldande kommunelov. For budsjett 2021 og økonomiplanen 2021 – 2024 må kommunestyret handsame og vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for styringa av kommuneøkonomien.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

⁴ Komm.prp. 2020 tabell 2.4

⁵ Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi